

Melding om arbeidet i Botnane og Årebrot Grendalag i perioden 4.3.2017 til 10.3.2018

Årsmøte i 2017 var i Botnane Grendehus laurdag den 4. mars med 16 frammøtte. Etter årsmøte i 2018 har styret vore: Åsmund Berthelsen (leiar), Nina Seljestokken, Alex Manart, Marion van Eck og Torbjørn Øvrbotten. Varafolk har vore Elisabeth Ruud Nordbotten, Tone Seljestokken og Vetle Øvrebotten. Revisor har vore Trygve Andersen. Valnemnd i 2018 har vore Kjetil Nesthus, leiar, John Magne Sande og Grete Thorsen Nøttingnes.

Årsmøte handsama årsmelding, rekneskap og budsjett. I samband med budsjettet vart det vedteke at grendalaget skulle ta alle kostnadene med vurdering av rasfare. Etter årsmøte kom det ynskje om at denne saka vart teken opp att. Difor står den på saklista for årsmøtet i 2018. Årsmøte fekk vidare orientering om fleire saker, Diktarstien, merking av turstiar, ombygging av biblioteket/skulestoge og arbeidet med nytt kjøkken. Dette er saker det vert orientert om i denne meldinga.

Grendalaget har 65 medlemmer. Laget må aktivt prøve å få fleire til å bli medlem.

Arrangement og aktivitetar

Styret har halde fem styremøte sidan førre årsmøte. Varamedlemmene har vorte kalla inn til styremøta.

Det er arrangert kafé den fyrste sundagen i kvar månad, skiftevis mellom Årebrot og Botnane. Oppslutnaden har variert og gått noko ned. Eit par har vorte kombinert med andre ting, slik som jule- og påskeverkstad for born. Vidare hadde vi ein kafé der manusforfattar og produsent til ein mogleg TV-serie "Kystagentane", Petter Rosenlund og produsent Johan Moen fortalte om prosjektet. Dette gjorde vi i samarbeid med Flora historielag, og med godt frammøte.

I april månad hadde vi orienteringsmøte om [NSE](#) (Norwegian Sandstone) og var på synfaring i steinbrotet etterpå.

17.mai-feiringa hadde vi på Årebrot

I juli hadde vi den årlege sommarbasaren med mykje folk og gode inntekter!

Alle arrangement og aktivitetar vert kunngjort på Facebook-sida vår eller heimesida. Det vert også levert ut lappar i postkassane for nokre større arrangement.



På årsmøtet vert det lagt fram forslag om å lage til eit betre og meir profesjonell heimeside.

Arbeid med saker

1. **Gatelys:** Vi har teke opp om å montere gatelys på eksisterande stolpar i i Sørbotnen Folk frå Sogn og Fjordane Energiverk (SFE) har vore og sett på det, men dei har ikkje vurdert kostnadene med det. Sjølv om dei var der for snart eit år sidan. SFE virkar ikkje å vere så interessert i å gjere det. Grendalaget eller dei som bur der må eventuelt dekke kostnadene med gateljos. Kanhende er det best å sette opp nye stolpar (metall) og ha jordkabel. Då vert det fort 25-30.000 kr for kvart punkt. Vi ventar på eit endeleg toverslag frå SFE.
2. **Sommarrute.** Bremanger kommune hadde ordning med drosje tur-retur Botnane - Svelgen kvar torsdag i skuleferien. Flora vart med dei siste gongene og drosja starta på Årebrot. Det vert arbeidd med å få til same ordninga for komande sommar.
3. **Breiband, internett og mobil/telefon:** Telenor kuttar no alt av fasttelefonar og dei reparerer ikkje linjer/stolpar. I delar av Botnane er det dårleg dekning for breiband/internett, og det er heller ikkje 4G i heile bygda. Dette er teke opp både med Telenor og med Bremanger kommune. Vidare er det bede om eit konkret overslag på kva fiber vil koste. Men det går tregt med å få konkrete tilbod og svar både frå Telenor og Eninvest. Truleg må Bremanger kommune vere med å finansiere opplegg/tiltak for å få fullgodt breiband/internett og skikkeleg mobildekning. Grendalaget arbeider vidare med dette.
4. **Fartsgrense:** Med støtte frå både kommune og lensmann søkte grendalaget om å få redusert fartsgrensa gjennom Botnane til 60 km/time. Dette vart blankt avvist av Statens vegvesen:
"Statens vegvesen arbeider for eit heilskapleg fartsgrensesystem, utan regionale skilnadar. Vi ynskjer å vere konsekvente i fastsetjinga av fartsgrenser på ein slik måte at trafikantar har forståing og respekt for den fastsette fartsgrensa. Etter ei vurdering av saka og det som er nemnd ovanfor, kan vi ikkje gå inn for å endre fartsgrensa til 60 km/t. "
Det er ikkje rett til å klage på slike vedtak, men vi sende ein kommentar:
"Vi etterlyser ei konkret vurdering av dei momenta vi har peika på, utifrå kva som er forsvarleg fart. Vegen er smal og delar er svært uoversiktleg. Fleire bur svært nær vegen, også born. Det går husdyr i og nær vegen. Det er svært mykje hjort i området. Konkrete hendingar. Nyleg vart dyr drepne på grunn av for høg fart."
Vi inviterte Vegvesenet på synfaring. Dei kom ikkje, og dei vurderer ikkje om ei fartsgrense er forsvarleg eller ikkje. Vi må nok ta sterkare i, om vi skal nå fram!

Ulike tiltak

1. Varmepumpe i grendehuset i Botnane er montert og teken i bruk. Husleiga er auka litt.
2. Styret har vurdert nytt kjøkken i grendehuset i Botnane, og det vert teke opp som eiga sak på årsmøtet.


3. Vassforsyning ved grendahuset på Årebrot er ordna. Det er montert pumpe i boreholet, og det er montert hus over. Dei nye brakkene er no tekne i bruk, og vassforsyninga fungerer godt. Dei samla kostnadene vart på 85.000 kr. Arbeid er gjort på dugnad. Ny brakkerigg er også på plass ved grendahuset.
4. Det vart gjennomført el-kontroll i grendehuset i Botnane som kosta litt over 5000 kr. Vi måtte reparere el-anlegget for om lag 40.000 kr.
5. Vegvesenet har bygd mellombelse bruer i Øvrebotten etter at akseltrykket vart sett kraftig ned. Nye bruer skal vere på plass til hausten. Grendalaget sende oppmoding til vegvesenet om å få på plass nye bruer så snart som mogleg.

Prosjekt

Diktarstien - opninga er utsett.

Diktarstien i Botnane, med dikt etter Jan-Magnus Bruheim skulle etter planen vore opna 13.august 2017, men opninga vart utsett eitt år til 18.august 2018 for å betre tid og økonomi.

I april var det dugnad på stien frå fylkesvegen og ned til Fløtholmen. Den er nær ferdig, det står att finpuss og rydding av stiar i granfeltet på holmen. Dikt- og informasjonsskilta der, er på plass.



Det er og ferdig rydda kring gravstaden og kompostbinge og bossdunk som grendalaget kosta, er på plass. Diktet og eit skilt om gravstaden er oppe.

Til basaren i juli var det fyrste diktskiltet oppe; "Huset som talar" i inngangspartiet til forsamlingslokalet i grendehuset. Her skal det óg opp eit informasjonsskilt om Diktarstien. Det står att å rydde sti til diktet "Fotefar i stein" på Lægene (bak grendehuset), lage ny port/grind til grendehuset, rydde og få opp skilt på kaia i Botnane og parkerings- og informasjonsstad på Jørnjorda. Det siste skal skje med maskinkraft, men alt vil kreve ein god del dugnad.

Diktarstiprosjektet er pr.1.3.18 kostnadsrekna til om lag 450.000 kr, medrekna ein ymsepost på 25.000 kr. I tillegg kjem verdien av dugnaden som vert gjort.

Pr.dato har ein fått inn om lag 300.000 i tilskot og gåver. Ein treng difor mellom 100.000 og 150.000 kr for å fullføre prosjektet.

Mange privatpersonar har gjeve gåver og fleire verksemder som Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Sparebanken Vest, Botnaneset industriselskap og Sogn og Fjordane Energiverk har gjeve tilskot. Bremanger kommune har gjennom næringsfondet gjeve 140.000 kr i tilskot.

Skulestova/biblioteket - er rydda

Storparten av bøkene i biblioteket i skulestova er no på Bokøya Hovden. Ein tredel av den opphavlege mengda er att og skal sorterast etter kategoriar som til dømes: barnebøker, lokalhistorie, skjønnlitteratur, krim osv.

Det vert gjort når veggen mellom skulestova og leilegheita er isolert. Det elektriske anlegget er gått over, og det er på plass lampar i tradisjon frå dei som var der. Skulestova er tenkt som eit mindre forsamlingslokale, der vi og tek vare på historia til skulehuset/bygda. Vi skal bruke det vi har av eigna møblar, og for å skaffe litt pengar sel vi ein del av dei mange skuleplansjane. Vi tek vare på eit utval og råmar inn nokre av dei. Planen er at skulestova skal vere ferdig til påska 2018.

Turløyper

Vi er godt i gong med merking av turløyper. Hadde to dugnadslag ute og rydda og merka frå Øvrebotten- Fossedalen, og frå Skudalselva - Solanipa. Vidare har enkeltpersonar vore fleire turar og merka.

Såleis er det merka med pinnar frå Skudalselva- Skaravatnet og ned til Nøredalsvatnet.

Turen til Solanipa er ferdig merka og skilta.

Det er ein tur for ein/to personar att før Skudalsnipa og Steinheia og Fossedalsnipa er ferdige.

Så treng vi ein dugnadsdag med mykje folk, eller fleire med ein del folk til å få gjort ferdig den andre delen som går frå Fossedalen - Storemyr via Storehornet og frå Steindalen til Storemyr via Langevatna.

No er det mykje snø i fjellet så det er litt usikkert når ein kan kome i gong i vår. Så vi må nok rekne med å finne tidspunkt i mai/juni til å gjere turstiane ferdige.

Fristen for å vere ferdige fekk vi utsett til 1 juli. Utover det skal det settast opp skilt tre stader langs vegen. Skudalselva, Jørnjorda og Korsnesvika krysset.

Gravrøysane

Bremanger kommune har fått 282.000 kr for å gjere gravrøysane i Botnane betre kjent og meir tilgjengeleg for folk. Det er dei såkalla BARK-midlane (Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminner og kulturmiljø) Kommunen hadde synfaring med grendalaget, grunneigarar og fylkeskommune torsdag den 8.2.

På synfaringa kom det fram fleire forslag til kva ein kan gjere, mellom anna ein stoppeplass i Sletten der det kan settast opp sitteplassar og bord i stein. Vidare ei avkøyring i Sørbotten med sti ned mot ei av gravrøysane. I Sørbotten er det behov for å rydde på røysane.

Vi ber Bremanger kommune utarbeide ein plan for arbeidet der grendalaget sin medverknad er med. Grendalaget ber om eit planleggingsmøte så snart som mogleg. Arbeidet med tilrettelegging for gravrøysane bør gjerast samstundes med arbeidet med Diktarstien på Jørnjorda for å nytte maskiner medan dei er her i bygda. Vi vil også foreslå å ha eit slag seminar når det skal vere ei opning den 1.9.2019. Det er viktig å få ut informasjon og kunnskap om gravrøysane.

Vi ber Bremanger kommune utarbeide ein plan for arbeidet der grendalaget sin medverknad er med. Grendalaget ber om eit planleggingsmøte så snart som mogleg. Arbeidet med tilrettelegging for gravrøysane bør gjerast samstundes med arbeidet med Diktarstien på Jørnjorda for å nytte maskiner medan dei er her i bygda. Vi vil også foreslå å ha eit slag seminar når det skal vere ei opning den 1.9.2019. Det er viktig å få ut informasjon og kunnskap om gravrøysane.

Vidare skal grendalaget prøve å få Flora til å søkje midlar til gravrøysane på Årebrot. Her er det fleire enn i Botnane. Bremanger kan berre bruke midlar på røysane i Botnane.

